

Eksamen

23.11.2021

MDD3002 Lytting

Programområde: Programfag i utdanningsprogram for musikk, dans, drama, programområde for musikk

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

| | |
|----------------------------------|---|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 5 timar. |
| Hjelpemiddel | Alle hjelpemiddel er tillatne, unnateke ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kjelder | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| Vedlegg | Tre lytteeksempel: Lytteeksempel 1: «Gubben Noa» – Jai Shankar Sahajpal Lytteeksempel 2: «Compromises» – Arne Torvik Trio Lytteeksempel 3: «Bruremarsj frå Jämtland» – Gåte |
| Informasjon om vurderinga | Svaret blir vurdert ut frå desse læreplanmåla: <ul style="list-style-type: none">- å kunne bruke grunnleggande lytteteknikkar- å kunne beskrive og reflektere over eiga oppleving av musikk- å kunne beskrive og reflektere over ulike musikalske uttrykk- å kunne kjenne att og beskrive dei grunnleggande elementa i musikken med utgangspunkt i klingande musikk og enkle notebilete Det blir lagt vekt på godt musikkfagleg språk og god observasjonsevne. |

Lykke til!

Eksamensoppgåve

Du skal lytte til tre ulike musikkstykker og beskrive dei oppgitte musikalske elementa i kvart av dei. I tillegg skal du ta stilling til kva sjangrar du meiner stykka kan definerast som, og beskrive di subjektive oppleving av stykka. Du skal svare på alle dei fem oppgåvene nedanfor.

Lytteeksempel 1: «Gubben Noa» – Jai Shankar Sahajpal

Lytteeksempel 2: «Compromises» – Arne Torvik Trio

Lytteeksempel 3: «Bruremarsj frå Jämtland» – Gåte

Oppgåve 1: besetning og instrumentering

Definer besetninga i dei tre stykka, og beskriv kva roller og funksjonar dei ulike instrumenta har (melodisk, akkompagnerande, rytmisk, utfyllande osv.). Der det er brukt vokal, kan du beskrive korleis stemma blir brukt.

Oppgåve 2: form

Beskriv forma i dei tre stykka ved å sette opp eit enkelt formskjema.

Oppgåve 3: harmonikk og tonalitet

Beskriv harmonikken i dei tre stykka ved å beskrive korleis du opplever akkordbruken. (Blir det brukt mange forskjellige akkordar, eller går få akkordar ofte igjen? Er harmonikken enkel eller kompleks? Kva uttrykk eller kva stemning skaper den aktuelle harmonikken?) Beskriv også korleis du opplever tonaliteten i dei tre stykka (dur, moll, utvida tonalitet, atonalitet osv.).

Oppgåve 4: sjanger

Beskriv kva sjanger eller sjangrar du vil definere dei tre stykka som, og argumenter for kvifor du opplever dei slik.

Oppgåve 5: eiga oppleving

Beskriv kva for nokre eller kva for eit av dei tre stykka du liker best, og argumenter for kvifor du opplever det eller dei slik du gjer.

Bokmål

Eksamensinformasjon

| | |
|-----------------------------------|---|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 5 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Tre lytteeksempler: Lytteeksempel 1: «Gubben Noa» – Jai Shankar Sahajpal Lytteeksempel 2: «Compromises» – Arne Torvik Trio Lytteeksempel 3: «Bruremarsj frå Jämtland» – Gåte |
| Informasjon om vurderingen | Besvarelsen vurderes ut fra følgende læreplanmål: <ul style="list-style-type: none">- å kunne bruke grunnleggende lytteteknikker- å kunne beskrive og reflektere over egen opplevelse av musikk- å kunne beskrive og reflektere over ulike musikalske uttrykk- å kunne kjenne igjen og beskrive musikkens grunnleggende elementer med utgangspunkt i klingende musikk og enkle notebilder <p>Det blir lagt vekt på godt musikkfaglig språk og god observasjonsevne.</p> |

Lykke til!

Eksamensoppgave

Du skal lytte til tre ulike musikkstykker og beskrive de oppgitte musikalske elementene i hvert av dem. I tillegg skal du ta stilling til hvilke sjangre du mener stykkene kan defineres som, og beskrive din subjektive opplevelse av stykkene. Du skal svare på alle de fem oppgavene nedenfor.

Lytteeksempel 1: «Gubben Noa» – Jai Shankar Sahajpal

Lytteeksempel 2: «Compromises» – Arne Torvik Trio

Lytteeksempel 3: «Bruremarsj frå Jämtland» – Gåte

Oppgave 1: besetning og instrumentering

Definer besetningen i de tre stykkene, og beskriv hvilke roller og funksjoner de ulike instrumentene har (melodisk, akkompagnerende, rytmisk, utfyllende osv.). Der det er brukt vokal, kan du beskrive hvordan stemmen brukes.

Oppgave 2: form

Beskriv formen i de tre stykkene ved å sette opp et enkelt formskjema.

Oppgave 3: harmonikk og tonalitet


Beskriv harmonikken i de tre stykkene ved å beskrive hvordan du opplever akkordbruken. (Brukes det mange forskjellige akkorder, eller gjentas få akkorder ofte? Er harmonikken enkel eller kompleks? Hvilket uttrykk eller hvilken stemning skaper den aktuelle harmonikken?) Beskriv også hvordan du opplever tonaliteten i de tre stykkene (dur, moll, utvidet tonalitet, atonalitet osv.).



Oppgave 4: sjanger

Beskriv hvilken sjanger eller hvilke sjangre du vil definere de tre stykkene som, og argumenter for hvorfor du opplever dem slik.

Oppgave 5: egen opplevelse

Beskriv hvilke eller hvilket av de tre stykkene du liker best, og argumenter for hvorfor du opplever det eller dem slik du gjør.





www.vigoiks.no/eksamen